

Til Radøy Kommune

Einar Ferøy

Tore Rikstad

Frå Ragnar Floen og Einar Helge Rikstad

Saker:

Auke i vassnivå på myr Nord for idrottshallen på Hordabø.

Endring av trasse for vassleidningen til hus nr 2760 og 2765 .

Når Hordabøhallen vart bygd vart vassføringa lagt under hallen ut på Vestsida og den ligg der forsatt.

Ser i dag at den vassføringa som kjem ut er ein del mindre enn vassføringa av myrområde Nord for hallen og at myra er vorte eit våtmark som me vert plaga i hagane våre me som bur ved Radøyvegen 2760 og 2770, me har fått ein fuktigare hage. Ser att vassnivået no går heilt opp til fylkesvegen og at våtmark område Nord for Fylkesvege har auka. Våtmarkområde som har oppstått attmed Hallen på Nordsida kan vere farlig for folk flest og særst for mindre born. Dei arbeider no med forsterkning av område Vest for grasbana og hallen, der er bygd veg fram til Nordsida på Hallen, det er naturleg at avløpet for våtområde vert lagt på Nord sida av hallen og senka ned til nivået som var før hallen kom. Vil tru at nytt industriområde ved G.T Lakk kan få bruk for ei tenleg vass løysing i framtida dei og. Eg skjønna ikkje kvifor kommune ikkje har gjort noko med dette for lenge sidan.

Når eg kopla meg på den kommunale vassleidning som går på Sørsida av hallen tidleg i 1996,så stilte grunneigarane krav om at eg låg grøfta heilt Vest attmed fjellet der og så djupt som mogleg, grunneigaren var da : Åsmund Haugland, Asbjørn Haugland og Arvid Bø.

Asbjørn Haugland som arbeida i Radøy Kommune var fetteren til Åsmund og skulle ta seg av dialogen med han, når eg fekk tilbakemelding frå Asbjørn kontakta eg Arvid og han var samd med dei andre og Radøy Kommune fekk kart over kor grøfta låg.

Når dei arbeida med Hallen grov dei opp vassleidningen som eg hadde lagt ned og det vart lagt ei sløyfe på de som låg langt frå det som var kravt frå grunneigarane , eg fekk problem frosten om vinteren, eg fekk kunnskap om dette når dei skulle ordne til uteområdet der for nokre år sidan.